

Forskrift om endringar i Forskrift om tilskot frå Merkur-programmet (Merkur-forskrifta)

Heimel: Fastsett av Kommunal- og moderniseringsdepartementet 23. mai 2018 med heimel i dei årlege budsjettvedtaka til Stortinget, kapittel 550, post 73.

I Forskrift om tilskot frå Merkur-programmet (Merkur-forskrifta) blir det gjort følgjande endringar:

Kapittel 1 – Felles reglar for tilskotsordningane

§ 2 b vert oppheva og punkt c-e vert punkt b-d.

§ 2 skal lyde:

- a. Investeringstilskot til daglegvarebutikkar (kapittel 2)
- b. Servicetilskot (*nytt kapittel 3*)
- c. Investeringstilskot til drivstoffanlegg ved daglegvarebutikkar (*nytt kapittel 4*)
- d. Utviklingstilskot til bokhandlar (*nytt kapittel 5*).

Ein søkjar kan berre få tilskot til tiltak som ikkje er starta før søknaden er ferdig handsama.

§ 3 skal lyde:

Ein butikk vert rekna som Merkur-butikk når den har fått oppfølging frå sin regionale Merkur-konsulent i løpet av dei siste fem åra og delteke på aktivitetar i Merkur-programmet, og /eller har motteke tilskot dei siste fem åra.

Tilskotsordningane gjeld Merkur-butikkar i område med få innbyggjarar, som har eit varetilbod som dekkjer det alminnelege ernæringsbehovet og andre grunnleggjande behov for daglegvarer i eit hushald, og er opne heile året. For *kapittel 3* om servicetilskot gjeld eigne opningstider, jf. § 22 bokstav e. Ytterlegare krav står under kapitla for dei ulike ordningane.

Distriktssenteret kan etter ei særskild vurdering godkjenne butikkar som ikkje oppfyller tildelingsreglane for den enkelte ordninga.

Tilskot kan også bli gitt til bokhandlar i distrikta, sjå *kapittel 5*, for nærare informasjon om kva krav som gjeld.

§ 4 første ledd bokstav b skal lyde:

avstand til næraste innkjøpsalternativ, og omsetnad (sjå tildelingsreglar under kvar ordning).

§ 4 første ledd bokstav c skal lyde:

Ein omtale av tiltaket *og forventet effekt av tiltaket*.

§ 4 første ledd punkt d vert oppheva.

§ 4 første ledd, nytt punkt d skal lyde:
Ein framdriftsplan for gjennomføringa av aktivitetane i tiltaket.

§ 4 første ledd, nytt punkt e skal lyde:
Årsrekneskap og driftsbudsjett *for søkeren*.

§ 4 første ledd, nytt punkt f skal lyde:
Ein kostnads- og finansieringsplan for tiltaket.

§ 4 første ledd, nytt punkt g skal lyde:
Ei stadfesting av at søkeren på søknadstidspunktet ikkje har fått anna bagatellmessig støtte til same tiltak.

§4 siste ledd skal lyde:
For støtte til bokhandlarar er det mindre avvik frå desse krava.

Ny § 5 skal lyde:

§ 5. statsstøtteregelverket

Merkur- ordninga er i tråd med EU- kommisjonen si forordning 360/2012 om bruk av bagatellmessig stønad (de minimis) til føretak som å leverer tenester av allmenn økonomisk nytte. Det kan gis tilskot på inntil 500.000 Euro over tre år, inkludert ordinær bagatellmessig stønad, til stønadsberettiga føretak. Dersom føretaket alt har mottøke ordinær bagatellmessig stønad, skal den trekkast frå, slik at samla tilskot til føretaket ikkje overstig 500.000 Euro.-

Ein søker er eit føretak. I vår samanheng tyder føretak anten ei sjølvstendig enkeltverksemd, eller to eller fleire verksemder, der eitt av følgjande fire kriterium er oppfylt:

- (1) Ei verksemd har eit fleirtal av aksjane eller stemmerettane i eit anna.*
- (2) Ei verksemd har rett til å peike ut eller fjerne eit fleirtall av styremedlemmane i ei anna.*
- (3) Ei verksemd utøver dominerande kontroll over ei anna ifølgje aksjonæravtale, vedtekter eller liknande.*
- (4) Ei verksemd som er aksjonær i ei anna, har fleirtalet av stemmerettane i den andre med heimel i aksjonæravtale.*

Ny § 6 skal lyde:

§ 6 Sakshandsaminga

Første ledd første setning:
Søkjaren må sende inn søknad *i den digitale søknadsportalen*.

Første ledd andre setning:
Distriktssenteret tildeler tilskot.

Andre ledd første setning:
Ved akutt behov for nytt utstyr, til dømes i samband med havari, skal søkeren kontakte *Distriktssenteret*.

Andre ledd andre setning:

Kommunal- og distriktsdepartementet er klageinstans for klage på vedtaka frå *Distriktssenteret*.

Ny § 7 skal lyde:

§ 7. Rapporteringsplikt for tilskotsmottakaren

§ 7 første ledd skal lyde:

Ein tilskotsmottakar skal rapportere om kva pengane er brukte til, og kva som er *effekten* av tiltaket, i *den digitale søknadsportalen*. Tilskotsmottakar skal sette opp rekneskapen slik at det kan samanliknast med budsjettet i søknaden, og *kostnadane skal dokumenterast i form av fakturaer og betalingskvitteringar*. For *servicestøtte* finst det *eigne rapporteringsreglar*.

§ 7 siste ledd skal lyde:

Tilskotsmottakaren skal be om godkjenning på førehand frå *Distriktssenteret*, dersom det er ønskeleg å gjere endringar i prosjektet det er søkt om støtte til. *Distriktssenteret* skal då vurdere om tilskotet skal reduserast, trekkast tilbake, eller om endringane samsvarar med forskrift og tilskotsbrev.

§ 8 første ledd skal lyde:

Krev prosjektet mindre kapital enn budsjettet tilskotet byggjer på, kan *Distriktssenteret* redusere utbetalinga tilsvarende.

§ 9 første ledd skal lyde:

Distriktssenteret kan stanse utbetalinga av heile eller delar av tilskotet, eller krevje tilbakebetaling, dersom

§ 9 første ledd bokstav b skal lyde:

mottakaren utan *førehandsgodkjenning* frå *Distriktssenteret* har endra prosjektet slik at det ikkje oppfyller krava i forskrifta og vedtaket om tilskot.

§ 9 første ledd bokstav c skal lyde:

mottakaren *planlegg å avvikle verksemda*, søker gjeldsforhandlingar, går konkurs eller avviklar verksemda

§ 9 første ledd ny bokstav d skal lyde:

Mottakaren gjennomfører vesentlege endringar som avgrensar butikktilbodet.

§ 9 første ledd bokstav e skal lyde:

Mottakaren ikkje rapporterer før sluttdatoen eller rapporteringsfristen som er sett i tildelingsvedtaket.

Kapittel 2 – Investeringsstøtte til daglegvarebutikkar

§ 11 Tildelingsreglar skal lyde:

§ 11 første ledd, punkt a vert oppheva.

§ 11 første ledd, nytt punkt a skal lyde:

har ein avstand på minst 10 kilometer til næraste alternative innkjøpsstad, eller ligg på stader utan fast vegsamband, eller er einaste daglegvarebutikk på ei øy. Det kan gjerast særskilte vurderingar for butikkar som har mellom 5 og 10 kilometer avstand til næraste alternative innkjøpsstad

§ 11 første ledd, nytt punkt b skal lyde: er open heile året

§ 11 første ledd, nytt punkt c skal lyde: har inntil 15 millionar kroner i årsomsetning eksklusiv meirverdiavgift, drivstoff, kraftfôr og gjødsel.

§ 11 siste ledd skal lyde:

Distriktssenteret vil prioritere dei søknadane som best støtter opp om måla for Merkur-programmet.

§ 12 Utrekningsreglar

§ 12 andre ledd skal lyde:

Ein butikk som har mellom 8 og 15 millionar kroner i omsetning kan få tilskot med inntil 50 prosent av dei totale kostnadene i prosjektet.

§ 12 siste ledd vert oppheva.

§ 14 andre og tredje ledd vert oppheva.

§ 14 nytt andre ledd skal lyde:

For tilsegn under 100 000 kroner krevst ei eigenerklæring frå dagleg leiar eller styreleiar. For tilsegn over 100 000 kroner må prosjektrekneskapet verte stadfesta av autorisert *rekneskapsfører som er habil*.

Kapittel 3 utviklingsstøtte til daglegvarebutikker vert oppheva og § 21 til § 41 vert § 15-35

Nytt kapittel 3 skal lyde:

Kapittel 3 - Servicetilskot til dei minste daglegvarebutikkane

§ 16 tildelingsreglar

§ 16 første ledd punkt a vert oppheva.

§ 16 første ledd punkt b vert a, punkt c vert b, punkt d vert c og punkt e vert d

§ 16 første ledd punkt b skal lyde:

har under 5 millionar kroner i årsomsetning eksklusiv meirverdiavgift, drivstoff, kraftfôr og gjødsel

§ 18 utrekningsreglar skal lyde:

Service støtta er på inntil 150 000 kroner kvart år.

§ 20 utbetaling

§ 20 første ledd skal lyde:

75 prosent av støtta blir betalt ut *når søknaden er innvilga*, dei resterande 25 prosentane blir betalte ut når rapporten for bruken av midlane er sendt inn og godkjend.

Kapittel 4 – Investeringstilskot til drivstoffanlegg i tilknytning til daglegvarebutikker

§ 24 rapportering

§ 24 første ledd vert oppheva

§ 24 skal lyde:

For tilsegn under 100 000 kroner krevst ei eigeneklæring frå dagleg leiar eller styreleiar. For tilsegn over 100 000 kroner må prosjektrekneskapet verte stadfesta av autorisert rekneskapsfører som er habil.

§ 25 Utbetaling første ledd skal lyde:

Støtta blir vanlegvis betalt ut etter at prosjektet er ferdig, *rapportering er gjennomført og oppmoding om utbetaling er sendt inn.*

Kapittel 5 – utviklingstilskot til bokhandlar

§ 27 tildelingsreglar, siste ledd skal lyde:

Distriktssenteret vil prioritere dei søknadane som best støttar opp om måla for ordninga.

§ 29 Utrekningsreglar skal lyde:

Kvar butikk kan søkje om inntil 100 000 kroner kvart år.

Kapittel 6 avsluttande reglar

§ 32 kontroll og evaluering, nytt siste ledd skal lyde:

Distriktssenteret fører tilsyn og kontroll med at krava i forskrift og brev om tilskot er oppfylte